



INNKALLING TIL STYREMØTE I BTV

**ONSDAG 12. februar KL. 18.00 hos Kjell Espedal – Bruvikveien 20 på Mariero
(merk tid og sted)**

SAKLISTE:

Sak 01/14: Godkjenning av referat fra styremøte 16.10.2013.

**Sak 02/14: Opplegg til årsmøte fredag 11. april (ny dato) –
i Madlamark kirke kl. 18.00
Årsmelding og regnskap klargjøres.
Valgkomite'- forslag til styresammensetning for 2014
Forslag til tema: Slettå – boka v/ Per Terje Haaland
På jakt etter kjærleiken v/ Kjell Espedal**

Sak 03/14: Tur til Forsand/Espedalen – 24. eller 25. mai? Busstur.

**Sak 04/14: Støtte til barneboka: På jakt etter kjærleiken (nynorsk).
Kjærlighetsstien. Kostnadsoverslag legges fram på møte.**

Sak 05/14: Styremøte 11. juni på Byrkjedalstunet ?

Sak 06/14: Eventuelt

Forfall meldes til Kjell E.

**Stavanger den 26. januar 2014
Kjell Espedal**

Kjell Espedal



PÅ JAKT ETTER KJÆRLEIKEN



FORORD

Eg har fått kopi av ei dagbok som bestefar min, Tobias Espedal har skrive. Tobias var bonde og levde heile sitt liv i Øvre Espedal i Forsand kommune frå 1876 til 1962. Boka fortel mykje om korleis det var å vera bonde i ei lita fjellbygd på denne tida. ***Eg ville gjerne formidla noko av dette vidare, særleg til dei som veks opp i dag.***

Dagboka er spesiell på mange måtar. For det fyrste er det uvanleg mykje stoff om slekta. Det er tydeleg at det var viktig å veta kven ein var i slekt med. Vidare har han tatt med mange opplevingar frå det daglege liv. Boka gjev eit godt inntrykk av korleis det var å veksa opp i ei lita fjellbygd. Eg har og merka meg at han var veldig opptatt av religiøse spørsmål. Mange av sidene er fulle av åndelege tankar. Eg kan vel seia at det som pregar dagboka er eit liv i :” nøyksomhet med guds frykt”. Sist men ikkje minst, var han glad i å skriva ned dyrehistorier – spesielt bjørnehistorier.

Historien om Tobias liv er spesiell. Han mista mor si då han var 8 år og far sin då han var 15 år. Plutseleg sat han med ansvaret for garden i Øvre Espedal. Det var ikkje lett for ein så ung gut.

Tobias arbeidde og klarte seg godt. Han sakna nokon som kunne hjelpa han. Han visste at det var likande jenter i nabodalen. Derfor gjekk han kjærleiksstien over fjellet frå Øvre Espedal til Frafjord fleire gonger, for å sjå etter ei god hushjelp

I boka har eg latt fantasien leva litt fritt og prøvd å skriva om barne- og ungdomslivet til Tobias, slik eg trur det var. Eg har dikta ein del, og så har eg henta ein del frå dagboka hans. I tillegg til dette har eg høyrte mykje om han. Dette til saman har det blitt ei bok av.

Det er ei sterk historie om eit barn – ein ungdom som til trass for at han mista begge foreldra sine, bestemte seg for å driva garden utan dei.

Tobias levde frå 1876 til 1962. Mor til Tobias døydde i 1884, då Tobias var 8 år. Far Torstein, levde frå 1848 til 1891. Tobias var 15 år då far hans døydde. Bror til Tobias som hette Elias var 3 år yngre – født i 1879 og syster hans Severine var født i 1882 – ho var 6 år yngre enn Tobias.

Eg har gått turen over fjellet fleire gonger og har tatt nokre bilete som kan gje ei forklaring til teksten .

Stavanger

Kjell Espedal